
Saknr: 2020/42867-7
Saksbehandlar Berit Roksvåg
Dato: 14.04.2020

Til: Yrkesopplæringsnemnda
Hovudutval for opplæring og kompetanse
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Kartlegging av open-skule-prinsippet ved dei vidaregåande skulane

Fylkestinget fatta i sak PS-14/20 Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023, verbalpunkt 19 følgjande vedtak:

«Nye vidaregåande skular skal følge open skule-prinsippet, slik som t.d. ved Amalie Skram VGS. Elevar skal kunne nytte skulane etter skuletid ved bruk av adgangskort e.l. Fylkestinget ber rådmannen utarbeide sak om korleis dette kan gjennomførast på alle dei vidaregåande skulane.»

Fylkesrådmannen gjennomførte i veke 16 ei undersøking om kva som er praksis i ved skulane i dag. Vi fekk tilbakemelding frå 33 av 46 skular. Undersøkinga viser at det ligg ulike oppfatningar i ordninga med omsyn kva dei vidaregåande skulane legg i open skule.

Open skule oppfattast som:

- Elevane har tilgang til skulen utanom ordinær skuletid, der elevane sjølv kan låse seg inn med sitt eige nøkkelkort/nøkkel.
- Elevane har tilgang til skulen utanom ordinær skuletid, skulen har personell til stades og har tilbod om aktivitetar for elevane. Til dømes tilbod om leksehjelp, matservering og anna.

Fire skular gjev opp at elevane kan låse seg inn sjølv, og tre skular seier at delar av elevgruppa kan låse seg inn sjølv. Fleire skular har treningsrom tilgjengeleg for elevane utover ordinær skuletid. Ein skule gjev opp at dei ikkje har låsesystem til å la elevane låse seg inn sjølv, men truleg gjeld dette fleire av skulane.

Åtte skular gjev opp at dei tilbyr leksehjelp utanom ordinær skuletid.

Om lag halvparten av skulane arrangerer i varierende grad sosiale aktivitetar utanom ordinær skuletid. Nokre av skulane har faste opplegg med miljøkoordinator ein til fleire dagar i veka, mens andre har sporadiske arrangement.

Skulane har også ulike praktiske og tekniske føresetnader for å innføre open skule prinsippet. Årsaka er mellom anna at ikkje alle skular har eit låse- og adgangssystem som gjer det mogeleg for elevane kan låse seg inn og ut sjølve. Ikkje alle skular har tilsynsvakt i bygga.

Fylkesrådmannen vil vurdere i kva grad det er mogeleg å legge til rette for at fleire av skulane kan innføre open skule prinsippet. Vidare vil ein sjå på kostnadane ved innføring av open skule prinsippet både med omsyn til låse- og adgangssystem samt driftskostnader som m.a eventuell tilsynsvakt ved skulen etter skuletid.

Fylkesrådmannen vil kome attende med ei sak hausten 2020.